

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/239-4

## **Kontroll av stortingsvalet 2017 – godkjenning av møteprotokollen**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesvalstyret til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesvalstyret godkjenner møteprotokollen for stortingsvalet 2017.

### **Vedlegg:**

Møteprotokollen, del 1  
Møteprotokollen, del 2

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkesvalstyret skal ifølgje vallova § 10-9 kontrollere at gjennomføringa av stortingsvalet i kommunane i fylket har funne stad i samsvar med reglane i vallova. Det skal vidare føre protokoll som fylkeskommunen skal sende Stortinget og riksvestyret.

Utkast til protokoll ligg vedlagt.

Fylkesrådmannen sine valmedarbeidarar har gått gjennom og kontrollert valprotokollane frå dei 26 valstyra i fylket. Dei har retta feil og føreteke ei samla oppteljing av alle godkjende stemmesedlar for samtlege kommunar.

Del 1 av protokollen inneheld merknader til gjennomføringa av valet i kommunane og oppsummerer dei rettingar fylkesrådmannen sine valmedarbeidarar har gjort. Del 2 er ein rapport som er henta direkte ut frå EVA (det sentrale elektroniske valadministrative datasystemet).